

Årsmelding frå trimgruppa

Årets bidragsytarar:

John-Ove Sinnes

Karine Tjørhom Myhra

Helin Morel

Saftutdelar terrengløp: Are Myhra

Fotball - vaksne

Fotballtrening for vaksne har som vanleg gått føre seg på skulen måndagar kl. 20:00. Årets sesong har vore noko ustabil, med fleire måndagar utan trening. Men kvaliteten på treningane som vart gjennomført, har vore upåklagelig.

Mange nasjonar er representert på banen i år, og ekstra hyggelig med damer som og vil vere med på treninga.

Gubbe trim - Innebandy

Vekas høgdepunkt for mange er torsdags treninga kl. 20:00 i gymsalen på skulen. Her møtes *sprekingar* frå Lunde i sør, til Ådneram i nord til venskapelig innebandy kamp. Samt ein utflytta sirdøl som tek turen heim for denne treninga.

Antalet held seg stabilt mellom 4 - 12 deltakarar, og berre ein og annan torsdag er me for få til å trene.

Terrengløp

Terrengløpet vart arrangert på Høneneset frå 22. august til 03. oktober, sju torsdager til saman.

I år var løypa for dei eldste noko lengre, med ulike hinder på p-plassen for dei minste. Nytt av året var frivillig tidtaking fyrste og siste gong for deltakarar frå 3. klasse og oppover. -Kjekt at så mange foreldre vart med å fekk *bryne seg* mot dei raske små.

Heile 48 deltakere var med, og 42 av desse møtte opp meir enn fire gonger og fekk dermed premie. 5 deltakarar var med alle gonger.

Terrengløpet vart avslutta under brua med kake og kaffe på bålet.

Sykkelløpet

Sykkelløpet vart arrangert torsdag 23. mai på Sinnes skule.

Barn under skulealder, samt 1-2. klasse, sykla mot Haugen.

3-4. klasse sykla til Myraleitet, og dei eldste til G.P.

I tillegg var det *Dugleiks-løype* på fotballbanen med nye heimesnikra hinder. -Løypa blir stadig lengre for kvart år.

I år var det 29 deltakarar, og god stemning tross regn.

Fjelljeger 2019

Fjelljeger 2019 var eit år med høg deltakelse, og gav rekord med heile 207 deltakarar som leverte inn skjema og fikk premie eller samlar poeng. Folk var veldig fornøgde med dei flotte og varierte turane.

Takk til Gerd Madland og Per Magne Sinnes som tok seg av organiseringa.